


Trond Einar Sørensen

Hjertås

5943 Austrheim

10.04.15

Eg syner til høyring på vidare fiberutbygging i Austrheim, og vil her koma med nokre innspel. Eg brur på Hjertås bruk nr. 150/13,17. Slik eg ser kartet er det tenkt utbygd frå Årås mot Leikvoll, Solend og Littlelindås på den eine sida, og området frå Trollåsen mot Bergsvik-Lerøy og Hopland. Dvs at naboane mine på begge sider, både i Trollåsen og på Hjertås er inne i kartet for område som er tenkt utbygd, men eg som bur midt mellom desse områda er utelaten.



Grunngjevinga for at eg ynskjer å få tilgang på fiber er fleirdelt. Først og fremst handlar dette om at eg driv og eig firmaet Terzz Lyd, og eg ser stadig større behov for godt breiband. Gjerne i form av fiber. I periodar vert det overføring av store filer via nett, ofte i samband med oppdateringar av digitalt utstyr og overføring av både bilder, film og lyd i samband med ulike jobboppdrag. Difor er god fiberdekning viktig for meg.

Eg har sjekka med Telenor og dei kan ikkje levere breiband. Eg har spurt om dette sidan 2010 og fram til no utan dei kan levere.

Eg bed difor om at også eigedomen min vert med i området som er vurdert for fiberutbygging.


Trond Einar Sørensen